

## **Beretning frå Kontrollutvalet i Haugen Idrettslag for 2025**

I samsvar med Norges Idrettsforbund sine lover gjev kontrollutvalet i Haugen Idrettslag med dette si beretning .

Kontrollutvalet består av Nils-Helge Løkling og Per-Ove Haugland og oppgåva er å kontrollere at styret utfører dei oppgåvene som er tillagt etter laget sine lover. Kontrollutvalet fungerer og har gjennomført kontrollarbeid. Praktiske tilhøve i dette arbeidet må stadig utviklast ved informasjon og tilrettelegging, og utvalet set pris på å få vere med på eit havårleg møte saman med styret og gruppeleiing.

### **Vi har utført følgjande handlingar:**

#### **Dagleg drift**

- Vi ser at styret sitt arbeid samsvarar med årsmøtet sine vedtak for arbeidsåret 2025

#### **Økonomi**

- Vi ser at det er budsjett disiplin i laget
- Balansen er gjennomgått ved bruk av saldoliste hovedbok. Vi viser til framlagt rekneskap
- Vi opplever at det er tillit mellom styret og grupper i det økonomiske ansvaret
- Vi meiner at rekneskap med bilag må følgjast opp ½-årleg og med gjennomgang i styremøte. Kontrollutvalet takkar for å få vere med i dette møte.
- Vi har utført kontroll av rekneskapen mot budsjett for hovedstyret og grupper

#### **Konklusjon**

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret i Haugen Idrettslag har utført dei oppgåver som er tillagt etter lova og kontrollutvalet anbefalar at styret si beretning og årsrekneskap vert godkjent av årsmøte.

Nordfjordeid

24.3.2026

Per-Ove Haugland